



Odda kommune
Postboks 53
5751 ODDA

Utviklingsseksjonen	
Journalnr. 2009000823 36	
08 OKT 2013	
Ark.kode	147
Avdeling	LEV
Jnr.	13/16228

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200800096-99/135/AGNWIBO

Dykkar ref.:


Bergen, 03. oktober 2013

Kopi: 160, JCF

Svar på søknad om omdisponering av midlar frå Mågelibanen til Lindehuset

Vi viser til søknad 03.07.2013 om omdisponering av tilsegn SP-06/08 prosjekt Mågelibanen til oppfinansiering av Lindehuset som regionalt kulturbygg.

Vedlagt følger særutskrift og protokoll og saksframlegg frå Fylkesutvalet.


Matti Torgersen
utviklingssjef


Agnete Wiborg
seniorrådgivar

Vedlegg: Særutskrift og saksframlegg Fylkesutvalet sak nr. 203/13

Handwritten text, possibly a signature or initials, located in the center of the page.



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200800096
Arkivnr. 135
Sakshandsamar Wiborg, Agnete

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	25.09.13	203/13

SØKNAD OM OMDISPONERING AV MIDLER FRA MÅGELIBANEN TIL LINDEHUSET

Fylkesutvalet 25.09.13

Torill Selsvold Nyborg sette fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet godkjenner søknaden om å disponera kr. 2,0 mill. til Mågelibanen – til finansiering av restaurering av taket på Lindehuset.»

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 12 røyster mot 3 røyster (KrF, SV, 1A) for Nyborg sitt forslag.

VEDTAK

Fylkesutvalet avslår søknaden om å omdisponere kr. 2,0 mill. gitt til Mågelibanen, til finansiering av restaurering av taket på Lindehuset.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 30. september 2013

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND
Mildred Berntsen



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Regionalavdelinga
Utviklingsseksjonen

Arkivsak 200800096-97
Arkivnr. 135
Saksh. Wiborg, Agnete

Saksgang
Fylkesutvalet

Møtedato
29.09.2013

SØKNAD OM OMDISPONERING AV MIDLER FRA MÅGELIBANEN TIL LINDEHUSET

SAMANDRAG

Odda kommune fekk i 2008 førebels tilsegn om kr. 2,0 mill. frå konsesjonskraftmidlane til bruk for opprusting av Mågelibanen. Søknaden var på 3,0 mill. av ei total kostnadsramme på 13 mill. Endeleg kostnads- og finansieringsplan har ikkje blitt lagt fram. Det blei søkt om utsetting av tilsegna til 2010. I 2010 blei det satt i gang utredning av reguleringsplan for ny bilveg opp til Mågelitoppen, og den er nå godkjent. Mågelibanen blei dessutan stengt i 2012 fordi den ikkje lenger tilfredsstiller krav til sikkerheit. Statkraft ønskjer ikkje å ta kostnaden med utbetringane. På denne bakgrunnen er ikkje opprusting av Mågelibanen lenger aktuelt.

Odda kommune ber derfor om å få omdisponere midlane til finansiering av restaurering av taket på Lindehuset som ein del av etterbruken av Smelteverkstomta. Dette prosjekt har eit totalbudsjett på 9,795 mill. og har i alt fått kr. 4,3 mill. frå Hordaland fylkeskommune. Midlane Odda kommune søker omdisponert, er løyvd som ei førebels tilsegn til Mågelibanen og utgjør også eit relativt stort beløp. Fylkesrådmannen rår derfor til at søknaden blir avslått.

FORSLAG TIL VEDTAK

Fylkesutvalet avslår søknaden om å omdisponere kr. 2,0 mill. gitt til Mågeli-banen, til finansiering av restaurering av taket på Lindehuset.

Rune Haugsdal
Fylkesrådmann

Bård Sandal
Regionaldirektør

Vedlegg: Søknad frå Odda kommune om omdisponering av midlar

Bakgrunn

Odda kommune fekk i 2008 førebels tilsegn om kr. 2,0 mill. frå konsesjonskraftmidlane til bruk for opprusting av Mågelibanen. Søknaden var på 3,0 mill. av ei total kostnadsramme på 13 mill.

Finansieringsplan frå søknaden:

Statkraft	5, 0 mill.
Topp Vel	1,4 mill.
Tyssefaldene as	1,0 mill
Odda kommune	2,1 mill
Statkraftfondet	0,5 mill.
Hordaland fylkeskommune	3,0 mill
Totalt	13,0 mill

Endeleg kostnads- og finansieringsplan for prosjektet har ikkje blitt lagt fram. Odda kommune søkte om utsett frist for tilsegna til mars 2010. I 2010 vedtok Odda kommunestyre om ikkje å gå vidare i prosessen med å sikre Mågelibanen som eit kulturminne i full drift med offentleg konsesjon. I staden bad Odda kommunestyre rådmannen om setje i gang arbeidet med reguleringsplan for ny veg til Mågelitoppen. Denne reguleringsplanen blei godkjent av Miljøverndepartementet i mars 2013. Mågelibanen blei dessutan stengt i 2012, fordi den ikkje lenger tilfredsstillar krav til sikkerheit. Statkraft ønskjer ikkje å ta kostnaden med utbetringane.

På bakgrunn av dette ber Odda kommune om å få omdisponere midlane til finansiering av restaurering av taket på Lindehuset på Smelteverkstomta. Dette er eit prosjekt som har fått kr. 3,0 mill. i støtte frå ordninga «Midlar til regionale utviklingsprosjekt 2013-2014». I fylkesrådmannens grunngjeving for denne tildelinga står det:

Takrestaureringa som det blir søkt midlar til, er eit ledd i det store arbeidet for å ferdigstille Lindehuset som regionalt kulturbygg. Bygget vil være viktig for at fleire store, profesjonelle aktørar veljar å legge sine turnear til Odda og vil dermed kunne gi Odda og regionen eit betre kulturtilbod. Odda er peikt ut som regionsenter av Hordaland fylkeskommune, men manglar eit kulturhus som Lindehuset kan bli.

Finansieringsplan Lindehuset:

Kostnader oppført i RUP-søknaden, Lindehuset som regionalt kulturbygg, til takarbeid i hovudsal: kr 9 795 000

Kostnadsoversikt (som i søknaden):

Forsterke tak	3 090 000
Utveksle tak sal	4 120 000
Utveksle tak scene	1 133 000
Restaurere vindu	422 000
Isolering tak	1 030 000
Totalt	9 795 000

Nv finansieringsplan

RUP, Lindehuset som regionalt kulturbygg:	3 000 000
HFK, Lindehuset som regionalt kulturbygg:	1 000 000
HFK, Lindehuset som lokalt kulturbygg:	300 000

**Konsesjonskraftmidler Mågelibanen,
søknad om omdisponering:**

	2 000 000
Odda kommune 2013-budsjettet:	500 000
Odda kommune 2014-budsjettet:	1 000 000
Omsøkes Kulturminnefondet (frist: 01.11.):	800 000
Omsøkes Stiftelsen UNI (løpende frist):	700 000
Omsøkes Sparebankstiftelsen Hardanger (frist 30.09.):	495 000
Totalt:	9 795 000.

Fylkesrådmannen si vurdering

Opprustinga av Lindehuset er ein del av etterbruken av Smelteverkstomta. Hordaland fylkeskommune har allereie gitt støtte til opprustinga av Lindehuser som kulturhus og regional kulturarena. Totalt har Hordaland fylkeskommune gitt kr. 4, 3 mill. i stønad til opprustinga av taket på Lindehuset med eit totalbudsjett på 9,795 mill. Midlane Odda kommune søker omdisponert, er løyvd som førebels tilsegn til Mågelibanen som er eit heil anna prosjekt. Det gjeld også eit relativt stort beløp. Fylkesrådmannen rår derfor til at dette beløpet ikkje bør omdisponerast til anna formål. Søknad om støtte til vidare finansiering av Lindehuset frå «Midlar til regionale utviklingstiltak» må derfor fremmast som ein ordinær søknad på line med andre søkjarar ved neste utlysning som vil kome i 2015.

Fylkesrådmannen rår derfor til at søknaden om omdisponering av midlane blir avslått.

